



Kjersti Misje kjem att i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Laurdag blir det gjenhøyr med Rune Hauge og Kjersti Misje i Dønhaugkjedlaren. Dei hadde ein flott konsert i romjula og imponerte med sin roots-musikk. Men altfor få fekk oppleva dei og difor har Magne Huglen bedt dei om å koma att. Duoen er ein sentral del av eit rikt akustisk musikkmiljø i Bergen og dei har turnert saman sidan 1999.**

Dei har ikkje berre turnert og gjeve konsertar over heile Noreg siden dei gav ut sitt fyrste album i 2001. Sist haust kom dei att frå sin femte Englandsturne der dei spelte på nokre at landets mest profilerte klubbar for akustisk musikk. Dei har også vitja USA fleire gonger, seinast i desember der dei mellom anna spelte på The Bitter End i legendariske Bleecker Street i New York,

Sidan 2003 har dei budd i Lundegrend på Tysnes der dei også har spelt inn det komande albumet i sitt eige lydstudio. Truleg blir "Brooke in Brooklyn" tittelen på dette, som er like rundt hjørnet.

Rune Hauge blir rekna som ein av dei beste roots-artistane her i landet. Frå 1991 til 1999 hadde han fast torsdagskveld på "Den Stundesløse" i Bergen. Han kom med debutalbumet "The One you need" i 1955 og det fekk glimrande kritikk over heile landet. "Taxi" i 1999 var ein sterk oppfylgjar. Kjersti Misje er utdanna songpedagog og starta samarbeidet med Rune i 1997. Ho vart delaktig i "Taxi" og imponerer med si varme og sensitive røyst.

Av Ola Matti Mathisen



Rune Hauge kjem att i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)